



VÅGSØY KOMMUNE

# RUSMIDDELPOLITISK HANDLINGSPLAN 2017 - 2020

Vedtatt i kommunestyret, den 15.06.2017

"Sikt på månen. Dersom du bommer på den, vil du likevel lande blant stjernene" -Les Brown



# FORORD

Planen for Vågsøy skal vere heilskapleg og dekke heile det rusfaglege området frå det generelt førebyggjande fokuset, via skjenke- og bevillingspolitikk til innsats retta mot etablert rusproblematikk. Planen omfattar strategiar og tiltak for heile breidda.

Den overordna målsettinga for rusmiddelpolitikken i Vågsøy er: TRIVSEL og MEISTRING. Vi skal førebygge og redusere dei negative verknadane ved bruk av alkohol og andre rusmiddel for einskildmennesket og for omgjevningane.

Vågsøy kommune, 15.juni 2017

*Kari Lossius:*

*«Den sjette utfordringen er å tenke fremtid. Hva må til for at unge mennesker kan få leve livene sine uten å utvikle en eller annen form for alvorlig avhengighet? Og hvordan skal vi hjelpe de som allerede sliter med en avhengighet. Forebygging av rusproblemer handler sjeldent om rus, og god rusbehandling er mye mer enn behandling av en ruslidelse. Felles for gode tiltak er at de fokuserer på inkludering og at vi alle har et grunnleggende behov for å få delta i et fellesskap.»*

*Forskning har vist at det er to forhold som har betydelig for økt livslengde. Den ene er å få være aktiv deltaker i samfunnet, det andre er at man har en, det er nok, eller noen gode venner. Ensomhet og utestengelse med andre ord livsfarlig. Med dette som utgangspunkt vet vi kanskje allerede mye om hvordan vi bør møte noen av fremtidens utfordringer.»*

*«Mens heroin gang på gang får oppmerksomhet på partipolitiske landsmøter og fyller spalteplassene i de fleste medier, er det fremdeles alkoholen som påfører oss de aller største skadene og ikke minst de store kostnadene. I løpet av et år dør det 115.000 mennesker i Europa av alkoholrelaterte skader, Norge belastes med ca 18-19 milliarder grunnet uvettig og skadelig bruk av alkohol, og det blir anslått at en betydelig del av korttidsfraværet i Norge skyldes uheldig konsum av dette nytelsesmiddelet.»*

# INNHALD

<b>1. INNLEIING .....</b>	<b>4</b>
1.1 KOMMUNEN SITT ARBEID MED PLANEN .....	4
1.2 RULLERING OG GJENNOMFØRING AV PLANEN .....	4
1.3 EVALUERING OG STATUS AV RUSMIDDELARBEIDET I VÅGSØY KOMMUNE.....	5
<b>2. SKILDRING OG VURDERING AV RUSMIDDELSITUASJONEN .....</b>	<b>6</b>
2.1 NASJONALE TAL.....	6
2.1 UNGDATAUNDERSØKINGA I 2012 OG 2015/16 .....	7
2.2 SAL OG SKJENKING I VÅGSØY .....	9
<b>3. RAMMEFØRESETNADER .....</b>	<b>10</b>
3.1 NASJONALE MÅL OG STRATEGIAR .....	10
3.2 LOVGRUNNLAG.....	10
<b>4. VÅGSØY KOMMUNE SIN VISJON OG MÅL .....</b>	<b>11</b>
4.1 INNSATSOMRÅDER, TILTAK OG STRATEGIAR .....	12
4.1.1 Tidleg innsats og forebygging: .....	12
4.1.2 Tverrfaglig samarbeid og samhandling .....	15
4.1.3 Mestring i forebygging og behandling - Habilitering .....	17
4.1.4 Bustad og bemanning .....	17
4.1.5 Arbeid og aktivitet .....	18
4.1.6 Økonomisk rettleiing .....	19
4.1.7 Ansvarlig alkoholhandtering .....	19

## **Linkar til viktige dokument som har lagt til grunn for planarbeidet:**

Retningslinjer om opnings- og skjenketider for serveringssteder, Vågsøy kommune.

[Kommunedelplan for helse og omsorg i Vågsøy, 2012-2024](#)

[St.meld 30 "Se meg! En helhetlig rusmiddelpolitikk"](#)

[Ungdataundersøkinga 2015 Vågsøy ungdomsskule](#)

[Ungdataundersøkinga 2016 Måløy vidaregåande skule](#)

[Helse- og omsorgstjenestelova](#)

[Pasient- og brukarrettighetsloven](#)

[Barnevernslova](#)

[Spesialisthelsetenestelova](#)

## 1. INNLEIING

Planen skal sjå på utfordringar, prioritere førebyggjande tiltak og hjelpetiltak

Ein Rusmiddelpolitisk handlingsplan er meint å vere eit tverrfagleg og tverretatleg arbeidsreiskap for å vurdere og redusere rusksadar i lokalsamfunnet.

Dette gjer at vi må sjå dei rusmiddelpolitiske utfordringane i samanheng, prioritere førebyggjande tiltak og hjelpetiltak ut frå Vågsøy kommune sin situasjon og behov.

Mål, strategiar og tiltak på rusmiddelområdet vedkjem helsetenesta, sosialtenesta, skule, kultur- og organisasjonsarbeid. Ein rusmiddelpolitisk handlingsplan skal omtale målgrupper og tiltak som er nærare omtalt i andre kommunale planar som til dømes, Kommunedelplan helse og omsorg og Bustadsosial handlingsplan.

### 1.1 KOMMUNEN SITT ARBEID MED PLANEN

Planen er utarbeidd som ein tematisk kommunedelplan i tråd med plan- og bygningslova (LOV-2008-06-27-71) § 11-1. Planprosessen har vert organisert med følgjande arbeidsgrupper:

#### Arbeidsgruppe

Ein tematisk kommunedelplan der mange aktørar deltek

Aasta Hamre	Leiar NAV
Jeanette Jensen	Kommunalsjef helse og omsorg
Judith Kvåle	Ruskonsulent NAV
Ingrid Åland	Leiar psykisk helseteneste
Trond Inselseth	Kommunelege 1
Turid Blålid	Leiande helsesystem
Åse Romuld	1. betjent – Politiet
Frank Gjerde	Brukarrepresentant
Siri Kvalheim	Brukarrepresentant
Dagny-Ann Gangeskar	SLT-koordinator og sekretær for planen.

### 1.2 RULLERING OG GJENNOMFØRING AV PLANEN

Årleg rullering

Utfordringsbiletet er i stadig endring og det vil vere eit jamleg behov for rullering av planen slik at ny kunnskap vert innarbeid, og innhaldet i planen vert bevisstgjort.

Arbeidsgruppa vil årleg vurdere revisjon av planen og eventuelt kome med framlegg til endringar av denne, jfr. tiltaksplanen. Kommunen har kontrollmyndighet i høve sals- og skjenkeløyver. Utøvinga av den er omtala i Retningslinjer sals- og skjenkeløyve for alkoholholdig drikk - Vågsøy kommune.

### 1.3 EVALUERING OG STATUS AV RUSMIDDELARBEIDET I VÅGSØY KOMMUNE

Rusmiddelarbeidet i Vågsøy kommune er i utvikling. Det er satt i gang nye prosjekt og tiltak etter førre periodeplan og mange av dei har vist seg å vere gode og nyttige i det førebyggjande arbeidet. Nokre av tiltaka var organisert som ein skilde prosjekt, medan andre er etablert som arbeidsmetodar. Førebyggjande arbeid på helsestasjon (gravide og småbarn), barnevern, barne/ungdom- og vidaregåande skule er eit prioritert område. Helsestasjonen tek opp temaet rus på svangerskapskontrollar, både i samtale og utlevering av brosjyremateriell. Helsesystemet er no meir tilgjengeleg med faste dagar ute i barne-, ungdom- og vidaregåande skule. Ungdomens helsestasjon er etablert og godt kjend blant ungdomane i kommunen.

Godt og breitt tverrfagleg samarbeid internt og eksternt i organisasjonen gjev betre tenester til brukarane. Evalueringa syner at det er nyttig med tiltaksplaner som inneheld konkret fordeling av ansvarsoppgåver. Ungdataundersøkinga (2012 og 2016) syner at det er gjort mykje riktig og godt arbeid med førebygging i skulane i Vågsøy. Dette er eit viktig arbeid som ein må vidareutvikle og fortsatt prioritere framover.

Vågsøy kommune har tatt i bruk langsiktige verksemdsmål i det førebyggjande arbeidet som:

**TIBIR = Tidleg Innsats for Barn I Risiko- og foreldrerettleiingstiltak** i helsestasjon, barnehage og skule er viktige tiltak, for å fange opp born og unge som strevar så tidleg så mulig.

**COS = Circle of security** (tryggleikssirkelen) er ein modell for analyse og tolking av barn si åtferd, følelsar og behov, for å kunne rettleie foreldre i utviklingsstøttande omsorg.

**PMTO = Parent Management Training** – Oregon er eit lavterskel tilbod til foreldre som har barn med åtferdsproblem.

**Sjumilssteget = plan for samordning** av foreldrerettleiing hos jordmor, helsestasjon, barnehage, barneskule og ungdomsskule

**MOT = Robuste ungdomar i eit tryggare oppvekstmiljø,** haldningsskapande arbeid for psykososialt miljø. MOT til å leve, seie nei og å bry seg.

**Glade mennesker som meistarar = PALS – Positiv åtferd, støttande læringsmiljø og Samhandling**  
**Ungdomstrinn i utvikling –** Skulebasert kompetanseutvikling med fokus på klasseleiing og lesing.

LAR=  
Legemiddel-  
Assistert-  
Rehabilitering

ROP=  
Rus Og Psykiatri

Oppfølgingsarbeid, behandling, rehabilitering og ettervern er viktige tema å jobbe med i høve til rusmisbrukarar og rusomsorg. Dei siste åra har helsetenestene i kommunen hatt ei auke i utfordringar i rus- og psykiatriomsorga. Politiet melder at eit tettare samarbeid med kommunen og skjenkenæringa har bidrege til vesentleg mindre negative rusrelaterte situasjonar. Det er ein auke på tunge rusmisbrukarar både på alkohol og narkotika og politiet peikar på trongen for å diskutere bustadtilhøva for rusmisbrukarar.

Det er ressurskrevjande for etatar som politi, lege og ambulanse med rusavhengige i kommunen og det er eit stort behov for auka ressursar for å hindre utrykking frå desse etatane. Politiet meina at dei langsiktige utfordringane er å ha ressursar til å avdekke meir narkotikakriminalitet og vald i nære relasjonar.


Problemstillingar rundt doping og bruk av anabole steroida er blitt meir aktualisert i samfunnet. Måløy treningscenter har tatt tak i utfordringa og har skrive avtale med Antidoping Norge om «Rent senter».

## 2. SKILDING OG VURDERING AV RUSMIDDELSITUASJONEN

### 2.1 NASJONALE TAL


Rapporten *Rusmidler i Norge 2016* inneheld fakta og statistikk på rusfeltet.

Forbruket av alkohol minkar, men er framleis om lag 1,5 liter over forbruket i 1992.



Figur 1. Årleg omsetning av alkohol pr. innbyggjar over 15 år (liter rein alkohol). Kjelde ssb  
Om lag 15 % av befolkninga står for 50 % av forbruket.

Forbruket av narkotika har ein sterkt aukande trend når ein ser på tal beslag av ulike stoff. Det er spesielt cannabis som har ein sterkt aukande trend. Dei siste åra har tal beslag på amfetamin vore sterkt aukande.



Figur 2. Tal beslag av heroin, cannabis, amfetamin, metamfetamin og kokain. Kjelde KRIPOS

## 2.1 UNGDATAUNDERSØKINGA I 2012 OG 2015/16

Debutalder for alkohol 2012 og 2015.

### Ungdomsundersøking Vågsøy oktober 2012

#### Svarprosent:

Ungdomsskulen: 135 svar (89%)

Vidaregåande: 95 svar (70%)

Totalt: 230 svar (80%)

#### Debutalder alkohol:

Gutar 10. klasse 13,6 år; 57% debutert

Jenter 10. klasse 13,8 år; 52% debutert

Gutar VG2 14,4 år; 83% debutert

Jenter VG2 14,4 år; 94% debutert

## Ungdomsundersøking Vågsøy 2015/16

### Svarprosent:

Ungdomsskolen: 133 svar (88%)

Vidaregåande: 90 svar (76%)

Totalt: 223 svar (83%)

### Debutalder alkohol:

Gutar 10. klasse 13,9 år; 52% debutert


Jenter 10. klasse 14,4 år; 59% debutert

Gutar VG2 16,3 år; 85% debutert

Jenter VG2 17,0 år; 82% debutert

Den positive auka i debutalder for alkohol kan vere eit enkeltstående tilfelle for årskullet, som også har vist seg i andre samanhengar. Uansett er det viktig å sjå på det som positiv utvikling i rett retning.

## Tydeleg rusa siste 6 månader 2012 – 2015/16



Tydeleg rusa  
siste 6 mnd  
samanlikning  
mellom 2012 og  
2015

Vi ser av resultatene frå Ung data-undersøkingane i 2012 og 2015 at det som er gjort av førebyggjande arbeid fungera. Det er viktig å holde trykket oppe og fortsette med det som ser ut til å ha god forebyggjande effekt. Haldningsskapande arbeid for ungdom, og informasjon til føresette om grensesetting er viktig å halde fram med.



Tabell 1: Kome i vanskar nokon gong fordi drukke for mykje alkohol (vist i %) Vågsøy 2015/16 (N=223)

	8. klasse		10. klasse		Vg. 2. klasse	
	Gutar	Jenter	Gutar	Jenter	Gutar	Jenter
Ikkje huske korleis kom dit	0	0	10	8	56	29
Mist eigendelar/pengar	4	0	3	0	20	18
Skulka skulen	0	0	0	4	13	11
Krangla	0	0	8	8	31	39
Ikkje kunne stå oppreist	0	0	11	23	50	29
Hovudpine eller kvalm n. dag	0	0	16	23	56	68
Blitt skada/utsett for ulykke	0	0	0	0	4	0
Angra sex	0	0	11	0	25	18
Problem i høve politiet	0	0	0	4	14	4
Utsett for ran eller tjuveri	0	0	5	0	2	4
Slagsmål	0	0	8	4	30	0
Utsett for uønska sex	4	0	11	15	9	25

Digitale Bergenstidiane, 2016

Kome i vanskar pga. for mykje alkohol 2015

Samanlikningane av resultatata frå 2012 og 2015 syner at det er lite endringar. Opplysningar frå Bergensklinikkane seier at det er heilt normale svingingar som følgjande landsgjennomsnittet. Det er viktig å ha med i analyse av resultatet at VG2 har mange elevar frå bl.a. yrkesfag som er over 18 år.

## 2.2 SAL OG SKJENKING I VÅGSØY

Sal i butikk i 2015:

267 882 liter

Sal i butikk i 2016:

287 813 liter

Innrapportert skjenking i 2015:

Gruppe 1 29 868 liter

Gruppe 2 5 646 liter

Gruppe 3 838 liter

Innrapportert skjenking i 2016:

34 603 liter

6 222 liter

1 204 liter

Tal løyvehavarar i Vågsøy kommune:

Alkoholgruppe/år	2008	2010	2012	2014	2016	2017
Gr 1-2-3	12	13	15	13	11	10
Gr 1-2	2	2	2	2	2	4
Gr 1	9	9	9	7	7	7

Vågsøy  
kommune:  
Sal,  
skjenking og  
løyvehavarar

### 3. RAMMEFØRESETNADER

#### 3.1 NASJONALE MÅL OG STRATEGIAR

*Førebygging-  
tidleg innsats.  
Hjelp til brukar-  
og pårørende.*

Regjeringa utformar rusmiddelpolitikken på nasjonalt nivå, og legg fram handlings- og strategiplanar.

I St. melding 30 "Se meg! En helhetlig rusmiddelpolitikk" står det blant anna: "Regjeringen vektlegger en helhetlig rusmiddelpolitikk. Fra virksom forebygging, tidlig innsats og hjelp til de som har omfattende rusproblemer, til en politikk som også ivaretar pårørende og tredjepart som rammes av skader av rusmiddelbruk." ([St.meld 30 "Se meg! En helhetlig rusmiddelpolitikk"](#))



*Korleis skal vi  
handle så tidleg  
som mogleg?*

Tidleg intervensjon på rusområdet er eit prioritert satsingsområde i regjeringa sin opptrappingsplan for rusfeltet (St.prp.nr.1 (2007–2008)). I rundskriv Q-16/2007 «Forebyggende innsats for barn og unge» vert viktigheita av gode oppvekstmiljø, der alle blir sett og høyrte, og at en grip tidleg inn i ein problemutvikling. Samstundes er det dokumentert at tilsette som kjem i kontakt med barn, unge og vaksne i risiko, ofte unngår å handle på grunnlag av bekymring.



Det er utarbeidd nasjonal strategi for tidleg intervensjon på rusområdet; "[Fra bekymring til handling](#)". Hovudgrepet er å identifisere og starte handteringa av eit helseproblem på eit så tidleg tidspunkt, at det forsvinn eller vert avgrensa med ein liten ressursinnsats. **ROP retningslinjene – Judith???**

#### 3.2 LOVGRUNNLAG

*Samhandlings-  
reforma legg vekt  
på tiltak for å  
halde oss friske.*

Målet med samhandlingsreforma er betre folkehelse og betre helse og omsorgstenester på ein berekraftig måte.

Strategiane er å førebygge meir, behandle tidlegare og samhandle betre. Pasient og brukarar skal få tidleg og god hjelp nærast mogleg der dei bur.

Kommunen skal sette inn rett behandling til rett tid og på rett stad, gjennom ein heilhetleg og koordinert helse og omsorgsteneste som er tilpassa den einkilde brukar.

*Kommunen skal  
vere kjend med  
sine folkehelse-  
utfordringar og  
sette i verk tiltak  
som førebygger.*

Folkehelselova kap. 2 §7- Folkehelsetiltak seier:

"Kommunen skal iverksette nødvendige tiltak for å møte kommunens folkehelseutfordringer, jf. § 5. Dette kan blant annet omfatte tiltak knyttet til oppvekst- og levekårsforhold som bolig, utdanning, arbeid og inntekt, fysiske og sosiale miljøer, fysisk aktivitet, ernæring, skader og ulykker, tobakksbruk og alkohol- og annen rusmiddelbruk."

"Samhandlingsreformen og den nye folkehelseloven vil prege kommunenes arbeid framover. Alle norske kommuner har ansvar for å utforme en lokal rusmiddelpolitikk for å forebygge og redusere negative konsekvenser av rusmiddelbruk." (Helsedirektoratet 2011)

*Vi må ta omsyn til  
store variasjonar i  
rusproblem og  
mestrings- og  
funksjonsnivå.*

"Kommunalt rusarbeid må ta hensyn til at det kan være store variasjoner i den enkeltes rusmiddelproblemer og mestrings- og funksjonsnivå. Noen ruser seg i perioder, andre har en langvarig ruskarriere og kan ha omfattende helsemessige og sosiale vansker og ha behov for bredt sammensatte tjenester. Hovedtyngden av tjenestene til personer med rusmiddelproblemer inngår i de ordinære kommunale tjenestene og finansieres over rammefinansieringen av kommunene."

## 4. VÅGSØY KOMMUNE SIN VISJON OG MÅL


Visjonen i kommunedelplan for helse og omsorg er trivsel og meistring. Dette er ein visjon som ein må ha med seg i rusmiddelpolitisk arbeid.

- Eit trygt oppvekstmiljø i heimen og i det offentlege rom er med på å redusere faren for å utforske rusmiddel betrakteleg.
- Eit trygt og godt nettverk og minst ein god ven er viktige faktorar for å ha ein god oppvekst.
- God økonomi, bustad og arbeid/aktivitet er nødvendige faktorar i rusomsorga.

Fokuspunkt i målbildet for 2017-2020 er:

1. Tidleg innsats og førebygging
2. Tverrfagleg samarbeid og samhandling
3. Bustad og bemanning
4. Arbeid og aktivitet
5. Økonomisk rettleiing
6. Ansvarleg alkoholhandtering (Lokal foreskrift om sal og skjenking)

*Målbiletet syner eit livslangt meistringsperspektiv*



Gjennom dette arbeidet skal vi redusere og førebygge sosiale og helserelevante skader ved problematisk bruk av rusmiddel.

Mål:

- Tidleg innsats og betre tenester til alle.
- Særskilt fokus på unge med rusrelaterte utfordringar og psykiske helseplager.
- Spreidd busetting – tett oppfølging.
- Aktiv kvardag i form av dagtilbud, jobb og fritidsaktivitetar.
- Riktig kompetanse på rett plass.
- Auka ressursar i arbeidet med rusavhengige i alle aldra.
- Tilrettelegging for frivillige organisasjonar sitt arbeid for området.

## 4.1 INNSATSOMRÅDER, TILTAK OG STRATEGIAR

### 4.1.1 TIDLEG INNSATS OG FOREBYGGING:

I St. melding 30 er det i kapitel om førebygging nemnt ei rekke faktorar som er viktig i det rusførebyggande arbeidet, som t.d. trygge butilhøve, arbeidsmoglegheiter, gode arbeidsmiljø, gode oppvekstvilkår og fritidstilbod. Utjamning av sosiale helseskilnadar og innsats for å førebygge fråfall i skulen. Desse faktorane er allmenngyldige og viktige å ta omsyn til i Vågsøy kommune sine tiltak for førebygging.

Mange undersøkingar har vist at det er ein samanheng mellom personar som debuterer tidleg med alkohol og problematisk oppvekst med normbrytande åtferd og psyko-sosiale problem.

I tillegg til haldningsskapande arbeid skal vi:

- Legge til rette for ulike rusfrie arenaer, slik at innbyggerane generelt kan samlast utan at det er alkohol tilstade.
- Støtte opp om frivillige lag og organisasjonar som driv aktivt arbeid for born og unge.
- Utvide tilbodet på den kommunale ungdomsklubben.
- Halde ved like eit godt bibliotek- og kulturskuletilbod.

St. meld 30 *"Alle barn og unge bør ha et godt liv. Det er et mål å oppdage barn og unge før de utvikler rusproblemer og gi god hjelp og oppfølging til barn med rusavhengige foreldre"*

Kommunen har ansvar for å gje hjelp til barn og pårørande av rusmiddelmissbrukarar. Alle som arbeider med personar med rusmiddelrelaterte problem skal ha eit sterkt fokus på barn. Kommunen har utarbeida rutinar i høve bl.a. gravide rusmissbrukarar, personar som rusar seg med fare for liv og helse med meir. Kommunen har også rutinar for melding og samhandling med barnevern.

Fleire ting tyder på at dopingbruk er eit veksande problem blant ungdom. Det er grunn til å tru at dette også gjeld ungdom i Vågsøy kommune, anten direkte eller indirekte.


Informasjon og haldningsskapande arbeid er viktige førebyggande tiltak i innsatsen mot doping. Gjennom systematisk og felles mobilisering mot doping kan kommunen, skular, politi, treningssenter og idrettslag i samarbeid med Anti doping Norge sette fokus på dagens kroppsideal med tilhøyrande bruk av doping og kosttilskot.

Anti doping Norge og Vågsøy kommune har inngått avtale om "Lokal mobilisering mot doping" med prosjektperiode frå hausten 2016 til hausten 2018. Ung data si undersøking i 2015 syner at ungdom sitt sjølvbilde og depressive stemningsleie er urovekkande. Og det er ein samanheng mellom kroppsideal/sjølvbilde og bruk av kosttilskot og anabole stereoidar.

*"Lokal mobilisering mot doping"*

## Psykisk helse:

Spørsmål om  
depressivt  
stemningsleie 2012  
og 2015/16



Ungdataundersøkinga i 2012 og 2015/16 på spørsmål om depressivt stemningsleie: Prosent som i gjennomsnitt sist veke har vore veldig mykje eller ganske mykje plaga av: «Alt er eit slit» - «Søvnproblem» - «Vore ulukkeleg, trist eller deprimert» - «Følt håpløse med tanke på framtida», «Vore stiv eller spent», «Bekymra seg for mykje om ting».

Dette er utfordringar som må takast med i tidleg innsats og forebygging av rus.

### Mål, tiltak, ansvarleg teneste og kostnad for tidleg innsats og forebygging:

Mål	Tiltak	Ansvarleg	Kostnad
Tidleg innsats i forebyggingsperspektiv.	COS PMTO TIBIR PALS MOT Skulehelsetenesta og Psykisk helseteneste faste dagar i barne- ungdom og vidaregåande skule. Ung i Ytre	Tenesteleiar Velferd Helsestasjonen Barnevern Skule Barnehage	Tilskot frå Fylkesmannen
Skaffe kunnskap om ungdom sine rusvanar, og psykiske helse	Gjennomføre ungdomsundersøkinga kvart 3. år i 8. og 10. trinn og andre år på vidaregåande i samarbeid med Bergensklinikkane.	Komm.sjef helse og omsorg. SLT-koordinator. Folkehelsekoordinatør	Innafor ordinært budsjett

Mål	Tiltak	Ansvarleg	Kostnad
Auke foreldremedverknad og bevisstgjerjing av foreldra si rolle i førebygging.	Gjennom FAU og skule bevisstgjere born, unge og foreldre om gode haldningar. Helsedirektoratet sin kampanje "Tør å sette grenser" skal synleggjerast frå skulen gjennom informasjonsmateriell og skulen sin nettportal Foreldremøter om tema «Rusvaner»	Komm.sjef oppvekst og kultur Tenesteleiar velferd SLT-koordinator	Innafor ordinært budsjett
Rusfrie soner i kommunal regi	Ein klar politikk på at kommunale tilstellingar skal vere rusfrie.	Kommunestyret	
MOT	Vidareføring av "Lokalsamfunn med MOT". Haldningsskapande arbeid i aldersgruppa 13-20 år.	Oppvekst og kultur MOT-leiar MOT-koordinator	Innafor ordinært budsjett
Utvide fritidstilbodet til ungdom	Større ungdomsklubb Ungdomsarrangement Samarbeid med lag/org	Tenesteleiar Kultur	Søke tilskot kr 120000. Lønsmidlar for å utvide ungdomsklubbtildbodet
Rusfrie soner til ungdom.	Møteplassar til eigenorganisert ungdom	TenesteleiarKkultur	
"Tilgjengelege vaksne"	Miljøarbeidar/sosialarbeidar i skulane.	Kommunestyret	Kr 600 000 Ei stilling
Tett samarbeid mellom kommuneleining og politi for å halde fokus på kriminalitetsførebyggande arbeid.	Vidareføring av politiråd og oppretthalde samarbeidet med Selje og Vanylven. Vidareføre SLT-koordinator Halde ved like "Samarbeidsavtale mellom Vågsøy kommune og Vågsøy lensmannskontor"	SLT-koordinator Tenesteleiar oppvekst og kultur	Innafor ordinært budsjett
Auka fokus på doping og anabole steroidar	Samarbeidsavtale om Lokal mobilisering mot doping	SLT-koordinator Folkehelsekoordinator	Innafor ordinært budsjett
Tryggare gater og utemiljø i sentrum i helgane.	Koordinering av Natteramntiltaket.	Frivilligsentralen	

#### 4.1.2 TVERRFAGLIG SAMARBEID OG SAMHANDLING

Om ein skal lykkast i å betre det tverrfaglege tilbodet i kommunen er det behov for å auke kompetansen til dei tilsette som arbeider med rusrelaterte utfordringar. Det kan ein få til gjennom internopplæring, vidareutdanning, ulike kurstilbod, arbeid i prosessgruppe og gjennom rusfagleg forum.

##### Mål:

- Bygge heilskaplege, tilgjengelege og individuelt tilpassa tilbod rundt den einskilde.
- Auke kunnskap og kompetanse på psykisk helsearbeid og rusarbeid i oppvekstsektoren og pleie- og omsorgssektoren.
- Auke spesialkompetansen i høve rus og psykiatri.
- Auke kunnskapen til born, unge og vaksne i høve skadeverknadane av alkohol.

I St. melding 30 står det: *"Holdningene til rusavhengige, og forståelsen av rusavhengighet som en sykdom og et sammensatt problem har endret seg med årene. Vi må arbeide for at rusavhengige, på tross av sykdom og avhengighetsproblematikk, opplever seg som en del av samfunnet."*

##### Samhandlingsreforma set tydelege krav til kva rettar brukaren har:

- Riktig behandling på rett nivå.
- Sterkare brukarmedverknad.
- Retten til koordinator og koordinerte tenester.

Pårørnde til den rusavhengige har rett på individuell oppfølging. Tidleg kontakt med dei pårørnde er viktig forebygging. Dei pårørnde treng ofte hjelp til sjølvhjelp, hjelp til grensesetting og å ta vare på seg sjølv. Born som pårørnde er ei sær s viktig gruppe å ha fokus på.

Mål	Tiltak/verkemiddel	Ansvar	Kostnad
God kompetanse hos dei tilsette Kompetanseplan	Bustadsosial kompetanse Kjønn og rus Etnisitet og rus Aktivitetmuligheter Erfaringskonsulent Økonomisk rettleiing Brukarmedverknad	Kommunalsjef helse og omsorg Tenesteleiar Velferd	Kr 50 000 Kompetansehevingkurs
God varsling ved utskriving av pasientar som bryt behandling	Samarbeidsrutinar mellom 1. og 2. linetenesta ved utskriving av pasientar. Gode samarbeidsarena.	Rådmann Kommunalsjef ar	Ikkje økonomiske konsekvensar



Mål	Tiltak/verkemiddel	Ansvar	Kostnad
LAR = LegemiddelAssistertRehabilitering	Kunnskap- og kompetanseheving Eigna lokaler for utdeling av medisin må sjåast på i samband med omorganisering. Prosedyrer og retningslinjer ved utdeling av LAR-medisin	Tenesteleiar Velferd	Ikkje økonomiske konsekvensar
ROP = Rus og Psykiatri	Eigna rammebetingelser for samtaler med personar der det er fare for vald. Auka fleksibilitet i brukarmedverknad Kartlegging Lågterskel dag- og aktivitetstilbud	Tenesteleiar Velferd	Kr 50 000 Aktivitets-tilbod/ Kurs for brukarar
Lettare tilgjengeleg informasjon til innbyggjarane i Vågsøy	Oppdatering av heimesida og facebook om all informasjon vedr. tema. Rus, hjelpeapparat og behandling.	Ruskonsulent SLT-koordinator Folkehelse-koordinator.	Ikkje økonomiske konsekvensar
Vergemål	Rekruttere verger	Fylkesmannen	
Individuell planer (IP)	Tilby IP for personar med samansette og langvarige problem. Alle har rett på ein koordinator	Tenesteleiar Velferd	
God informasjon ut til innbyggjarane	Utarbeide informasjonsbrosjyre og syte for at den er tilgjengelig på aktuelle plassar. Informasjon skal innehalde kontaktpunkt og telefonar til ruskonsulent, psykisk helseteneste, lege o.l.	Tenesteleiar velferd	Kr 5 000
Kommunen har plikt til oppfølging av pårørande	NPS si pårørandeopplæring – pårørandekurs Bergensklinikkane sine tilbod til pårørande. E-læringskurs	Tenesteleiar velferd og lege kan henvise til pårørandekurs	
Vald i nære relasjonar	Utarbeide plan for vald i nære relasjonar utgangen av 2018	Tenesteleiar Velferd	
Eldreomsorg for rusmisbrukarar	Opplæring av personalet Overlapping i overgangen frå ein bustad til ein annan. Fagleg tilnærming		Kr 10 000 Kurs/ kompetanseheving



#### 4.1.3 MESTRING I FOREBYGGING OG BEHANDLING - HABILITERING

Alle menneske skal få mestre og leve det livet dei sjølv ønsker. Det handlar om å legge til rette for eit verdig liv, å delta i skule og arbeidsliv, ha eit sosialt nettverk og ha tryggleik for at gode helsetenester er lett tilgjengeleg.

Utarbeide gode prosedyrar for tiltak for å redusere tilbakefall. Sikre god, verdig og aktiv tilbakeføring til samfunnet ved hjelp av tilrettelagt aktivitet og arbeid. Styrke tverrfagleg samarbeid med ruskonsulent, lege, NAV, psykisk helseteneste og spesialisthelsetenesta.

Koordinering av tenestar og tilbod er viktig.

Mål	Tiltak/verkemiddel	Ansvar	Kostnad
Godt ettervern	Differensiert butilbod Bustadsosial oppfølging Arbeid, aktivitet og utdanning Poliklinisk behandling Oppfølging av ruskonsulent Tilvising til sjølvhjelpsgrupper	Tenesteleiar Velferd	
Bygge opp att øydelagt nettverk med familie og vener	Nettverksbygging Fadderordning Bruke frivillige lag og organisasjonar. Rusettervernet si sjølvhjelpsgruppe	Tenesteleiar velferd	
Individuell plan	Individuelle mål og tiltak for langvarig habilitering SAMPRO	Tenesteleiar velferd Koordinerande eining	
Auke aktivitetsnivået til personar under 30 år	Aktivitetsplikt for utbetaling av sosialstønad Arbeidsleiar	NAV	Kr 300 000 Løn arbeidsleiar

#### 4.1.4 BUSTAD OG BEMANNING

Ein eigen og trygg bustad og nokon å snakke med gjennom døgnet, er viktig i eit godt butilbod for personar med rusutfordringar.

Det å ha ein god plass å bu er ein viktig faktor for å lykkast med å komme tilbake til kvardagen for den enkelte.

**Mål, tiltak, ansvarleg teneste og kostnad for bustad og bemanning:**

Mål	Tiltak/verkemiddel	Ansvar	Kostnad
Housing First	Innhente informasjon og undersøke muligheter for HF. Implementere metoden i dagleg drift. Etablerte fem bustadar innan 2020.	Tenesteleiar Velferd Ruskonsulent	Tilskot Startlån
Styrke og utvikle tenesta i kommunen for betre å ivareta oppfølging i eigen bustad.	Stilling for bustadsosialt arbeid.	Tenesteleiar velferd	Søke tilskot til stillingar i bustad-sosialt arbeid
Turnusbaserte tenester	Praktisk hjelp i heimen Bustadsosialt arbeid		
Leige eller eige?	Kommunen som framleiger bustad Kommunen gjev stimuleringsmidlar gjennom Husbanken		

**4.1.5 ARBEID OG AKTIVITET**

Forsking (Antonowski 1987, 1992,2012 og Langeland 2009)peikar på kva som må vere til stades i den einskilde sitt liv for å skape endring. Ved å gjere delar av livet forståeleg, handterbar og meningsfull kan kjensla av god helse vere til god hjelp for å lukkast med endring og å bevare handlingsevne.

Ein meningsfull aktivitet eller eit arbeid er viktig for kjensla av **sosial støtte, kontinuitet, kontroll, oversikt, sjølvkjensle og tru på eigen styrke (egoidentitet)** og avgjerande for korleis den enkelte klarer å ta i mot hjelp. I tillegg kjem den enkelte inn i eit fellesskap og samhörighet som er viktig for alle menneske. Ei arbeidsinntekt vil ytterlegare auke kjensla av meistring og kontroll over eige liv.

Slik kan eit enkeltstående tiltak vere med på å auke sjansen for å lukkast i ein endringsprosess.

Mål	Tiltak/verkemiddel	Ansvar	Kostnad
Aktivitet	Jobbspesialist Arbeidsleiar Miljøarbeidar Utdanning utanfor normert alder	NAV Kommunalsjef Helse og omsorg	
Tilbod om oppfølging og kurs	Dagsenter med opplæring og aktivitetstilbod.		

#### 4.1.6 ØKONOMISK RETTLEIING

Om personar har betalings- eller gjeldsproblem kan NAV gje økonomisk rettleiing med mål om gjere vedkomande i stand til å styre eigen økonomi.

Rett til opplysning, råd og rettleiing er uavhengig av om personen allereie er i ein vanskelig livssituasjon eller mottar andre tenester frå NAV. Om vedkomande mottok økonomisk sosialhjelp kan råd og rettleiing bidra til å klare seg sjølv.

Personar som ikkje kan sørge for seg sjølv gjennom arbeid, trygd eller andre økonomiske rettar har høve til å søke økonomisk stønad.

Der er god og nyttig informasjon om temaet på NAV sine heimesider.

Mål	Tiltak/verkemiddel	Ansvar	Kostnad
Gjeldshandtering	Gjeldsrådgeving	NAV	Int. stilling i budsjett
Hjelp til sjølvhjelp	Rettleiingssamtale	NAV	Ordinær drift

#### 4.1.7 ANSVARLIG ALKOHOLHANDTERING

Mål	Tiltak/verkemiddel	Ansvar	Kostnad
Tettare dialog mellom næring, politi og kommunen for å redusere skadeleg rusbruk.	Samarbeidsgruppe for samtale og utveksling av erfaringar og status.	- SLT-koordinator	Etablert
Auke kompetansen i skjenkenæringa gjennom systematisk opplæring. Felles rutinar for handheving av alkohollov og føreskrift.	Løyvehavar skal gjennomføre undervisningsopplegget "Ansvarleg alkoholhandtering". Alle tilsette i næringa får tilbod om å delta på kurset. Vågsøy kommune er ansvarleg for gjennomføringa av kurset.	SLT-koordinator Politi Trygg 24	
Politiråd	Gjennomføre politiråd etter avtale. Ordførar, rådmann og lensmann	SLT-koordinator	Etablert
God kontroll av sals- og skjenkeløyver	Gjennomføre kontrollar	Rådmann	Etablert